

# Nyheitsbrev



## Goddo Grendalag

Utgåve nummer 2      Juni 2021

Her kommer eit lite informasjonsskriv frå Goddo Grendalag.

### Styremøte 10.06.2021

Nokre saker som vart tatt opp:

- ✓ Tilsynsansvarleg på huset
  - Det er eit ønske om å få ein ny vaktmeister på huset, da nåverande ønsker å trappe litt ned. Styret ønsker i den samanheng å legge litt meir ansvar over på dei som leiger huset. Med meir ansvar så meiner me at enkle oppgåver som å gje beskjed vis det er eit defekt lys, fyller på papir der ein har brukt papir og gå ut med søppel etter leige. Det er laga ei sjekkliste som vil komme opp på grendatunet, slik at det er lett å huke av det som er gjort og legge igjen ris og ros.
  - Ønsker DU å vera vår nye vaktmeister / tilsynsansvarleg? Nøl ikkje, ta kontakt i dag 😊
  
- ✓ Plassering av informasjonsskiltet
  - Informasjonsskiltet som sto ved Goddebrua var tatt ned av Vestland fylkeskommune (vegeigar) og flytta inn til den nye parkeringsplassen ved Helgeplass. Dette vart gjort utan at det vart sagt noko til Grendalaget da fylket trudde det var kommunen sitt skilt, og kommunen trudde det var deira. Det er bestemt av fylket at det ikkje er lov å ha skiltet i ei busslomme (ja, parkeringsplassen ved brua er berre ei stor busslomme). Skiltet er no tatt vekk frå Helgeplass da det skapar farlege situasjonar med større køyretøy som køyrer inn for å sjå på det. Skiltet er for tida heime hos David, for vasking og mindre reparasjonar. Håpet er at Bømlo turlag får lov til å lage parkeringsplass vis a vis busslomma ved brua, og då vil me setta opp skiltet der, for det høyrer heima ved brua.
  
- ✓ Dugnad
  - Grunna pandemien så er det ikkje vanleg vårdugnad i år heller, men me har laga ei liste over ting som bør gjerast og der kan du skriva deg opp på det som du ønsker å gjera, og du bestemmer sjølv når du vil gjera da, helst før sommaren er over 😊
  - Dei store tinga på dugnadslista i år er:
    - Plassering av tennisnett
    - Lekebåt til leikeplass (Lars Gunnar har donert)

- Gjere ei bod om til ein plass der utlån utstyr kan ligge lett tilgjengeleg

- ✓ Idémyldrings kveld
  - Me ønsker ein kveld til hausten der **alle** som har tilhørighet til Goddo kan komme med sine ønsker om framtida til Goddo Grendalag. Kva skal huset brukast til, 17.mai korleis skal me feira den i framtida, haustfest, arrangement, osv. Kva ønsker du? Tidspunktet for dette kommer me tilbake med seinare, men tenk litt på kva du ønsker. Dette gjelder alle, frå barn til pensjonistar.
- ✓ Sankthans feiring
  - Hadde ikkje det vore gøy å hatt det på Barmane, etter gammalt? Det kjem jo ann på været sjølvsagt. Det er fleire i lage som har komfortable båtar, så det er ikkje problem å få skyssa dei som vil ut til Barmane for ein hyggeleg aftan med bål og grilling.

## Dugnad

Me hadde ei lita dugnadsøkt på Barmane, onsdag 16. der me slo bakken og litt inn gjennom stien mot postkassen. Det var klypt masse brake i stien og me lagde to nye bruer inn i myra. Det vart også klypt ein god del greiner på trea i bakkant av bakken. Me var ein god gjeng som møtte opp og me hadde det sosialt og kjekt, med god mat og drikke.

## Sosialt

Ønsker du å overnatta i hengekøy på Goddo, så vil me anbefala Barmane på da varmaste. Etter det var klypt greiner i trea bak bakken så opna det seg ein fantastisk plass for hengekøyer. Einaste negative er jo myggen, men det finns jo myggnett 😊 Pass på at det er litt vind, og du vil få ein fantastisk oppleving. PS. Toalett er det oppe ved Kurebu

**Bandy kvar søndag kl. 19:00 i ballbingen for alle**

**Har du innspel til aktivitetar eller noko du vil dra i gang, nøl ikkje, ta kontakt i dag 😊**

*Eit lite innblikk i styrearbeidet til Goddo Grendalag 😊*

**Ha ein fantastisk god sommar 😊**

Helsing

Styret